



## Notat

**Dato**

LEIKANGER, 20.05.2019

**Frå:** Nærings- og kulturavdelinga

**Til:** Fylkesrådmannen

### **Vurdering av søknad - ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærnæringa i Sogn og Fjordane**

#### **1. Kva notatet omhandlar**

Lærdal Grønt, Sognefrukt, og Innvik fruktlager vil gå saman om eit felles pakkeri for frukt og grønt på Håbakken i Lærdal. Lærdal Grønt sökte 11. april 2019 på vegne av samarbeidspartane om eit tilskot på 25 mill. kr. til investeringane. I dette notatet går vi gjennom søknaden, og legg fram dei faglege vurderingane av prosjektet.

#### **2. Bakgrunnsopplysningar og rammer**

##### Søkjarane

Lærdal Grønt søker på vegne av Lærdal Grønt SA, Sognefrukt SA og Innvik Fruktlager SA. Alle selskapa er samverkeføretak eigd av medlemmane.

- Lærdal Grønt SA: 40 produsentar hovudsakleg i Lærdal, men også i Årdal og Aurland. Morelle, bringebær, jordbær, potet og grønsaker
- Sognefrukt SA: 100 produsentar i Leikanger, Sogndal, Vik, Luster og Lærdal. Eple, pære, og plomme
- Innvik Fruktlager SA: 75 produsentar i Stryn, Eid, Gloppen og Norddalen. Eple, plomme, bringebær

##### Strategiar og planverk

Frukt og bær er eit prioritert område både i Regional plan for verdiskaping og i Regionalt bygdeutviklingsprogram. Det er mål om å marknadstilpassa auke i volum og omsetningsverdi av frukt, bær og grønt. Dette skal gjerast mellom anna gjennom å mobilisere for auka planting, nye produksjonssystem, bruk av ny teknologi, utnytte potensialet i lokale/regionale verdikjeder, hente ut meirverdi i særskilte kvalitetar og sortar, direktesal, vere dyktigast i Norge på nokre utvalde produksjonar med potensiale for store volum, styrke miljøet innan grønsaker og potet med sikte på å kunne auke marknadsdelen.

##### Historikk

Det var ikkje tid til å handsame søknaden til hovudutvalet sitt møte 30. april 2019, men hovudutvalet fekk lagt fram søknaden som skriv og melding. I samband med sak 31/19 om Njøs Eigedom vedtok hovudutvalet:

*Hovudutvalet er ut frå søknadssummen i denne saka kjende med at utfordringane er større enn utvalet kan komme i møte. Utvalet er også kjende med at det ligg føre søknad frå Lærdal Grønt på vegner av Sognefrukt og Innvik Fruktlager som utvalet får til handsaming i møtet 28. mai. Utvalet ber om at begge desse sakene blir melde inn til handsaming i sak om tertialrekneskap 1 2019.*

I ettertid har fylkesrådmannen utarbeida eit notat med beskriving av fleire større søknader, som blei lagt fram som skriv og melding i fylkesutvalet sitt møte 8. mai. Dette notatet vil også følgje som vedlegg i tertial 1/19.

#### Områdsutvikling

Lærdal hadde omstillingsstatus frå 2012 til 2018. Det er godkjent at restmidlar frå tidlegare år vert nytta i første halvår 2019. Utvida satsing på Håbakken Næringspark har vore det eine av to store prosjektet i omstillingsperioden. Prosjektet starta i 2014 med ei moglegheitsanalyse for området, og i 2016 starta hovudprosjektet med ein eigen prosjektleiar. Å lande satsinga til Lærdal Grønt på Håbakken var hovudmålet i prosjektet. Prosjektet har lagt til grunn at dersom Lærdal Grønt etablerer seg på Håbakken vil det også kome til andre etableringar i området, og dette vil vere eit fundament for ei breiare satsing på grøn næringsutvikling.

Fylkeskommunen har nytta 17,440 mill. kr. til omstillingsarbeidet i Lærdal. Vi har tidlegare vore klar over at det kan kome nye større søknader knytt til etableringar på Håbakken.

#### Statsstøtteregelverket

Søkjar meiner dei er unnateke regelverket om offentleg støtte med heimel i «landbruksunnataket».

Landbrukssektoren er i utgangspunktet ikkje omfatta av EØS-avtalen. Dette følgjer av EØS-avtalen artikkel 8, som spesifiserer at primærprodukt i landbruket fell utanom. Visse bearbeidde jordbruksprodukt vert likevel omfatta av EØS-avtalen.

PwC har på vegne av Lærdal kommune gjort ei vurdering om Lærdal kommune kan yte støtte til Lærdal Grønt gjennom å selje tomta på Håbakken til vesentleg under marknadspris. I den juridiske vurderinga viser PwC til at det i utgangspunktet er ulovleg statstøtte å selje areal til pris under marknadspris jf. vilkåra i EØS-avtalen artikkel 61(1). PwC peikar likevel på at støtte i denne saka vil vere i tråd med EØS-avtalen, jf. artikkel 8 (3) om typiske landbruksprodukt

EFTA-domstolen har ved fleire anledningar utalt at det avgjerande er om støtta som er gitt er «uatskillig knyttet» til handel med varer som fell utanom EØS-avtalen, i dette tilfellet frukt og grønsaker. PwC si vurdering er at eventuell støtte til Lærdal Grønt gjeld støtte til verksemد som er «uatskillig knyttet» til handel med fersk frukt og grønsaker, og at støtta såleis vil vere lovleg etter EØS-avtalen.

#### Økonomi, og regelverk for næring og kultur

Sektoren har framleis att nokre disponible restmidlar frå tidlegare år. Desse er sett av for å sikre handlingsrom for store viktige saker. Desse midlane skriv seg opphavleg frå regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Det er eigne retningsliner for bruk av midlane. Restmidlane er ikkje i nærleiken av å dekke det som er behovet i denne søknaden, og sektoren har også andre søknader av mindre omfang.

Fylkeskommunen sine eigne retningsliner for midlane sett av til næringsutvikling slår fast at midlane innan næringsutvikling i hovudsak skal gå til mjuk infrastruktur, og ein har tidlegare vore tilbakehaldne med å støtte bygg med meir.

Innovasjon Norge er fylkeskommunen sin operatør for å handsame direkte bedriftsretta saker, og tilskot til einskildverksemder. Vi skal normalt ikkje gå inn i saker der Innovasjon Norge er inne. Eit tilskot til dette fellesprosjektet ville frå fylkeskommunen si side ikkje bli gitt med tanke på bedriftsmessigs inntening for ei einskildbedrift, men for å løfte den samla næringa i fylket og gje bøndene som eigrarar av selskapa gode leveringsmøglegheiter, innteningsmøglegheiter og tenester. I denne saka meiner vi difor i samråd med Innovasjon Norge at det ikkje er formelle grunnar til at ikkje både Innovasjon Norge og fylkeskommunen kan gå inn med eit tilskot, dersom saka elles vert vurdert for å vere i tråd med satsingar og regelverk.

### **3. Uttaler frå andre**

#### Uttale frå Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen har støtta eit prosjekt som skal sjå på moglegheitene for ny pakkeristruktur for frukt mottaka i Sogn og Fjordane. Dei har også følgt prosjektet tett. I uttalen skriv fylkesmannen mellom anna:

*Fylkesmannen meiner på bakgrunn av ei totalvurdering at eit nytt fellespakkeri hjå Lærdal Grønt på Håbakken er eit framtidsretta tiltak som kan auke verdiskapinga, og styrke den nasjonale posisjonen til hagebruket i Sogn og Fjordane og i det komande storfylket Vestland. Eit slikt tiltak vil og styrke samarbeidet mellom produsentane i fylket, gje større tyngde i forhandlingar med kundar og bidra til større innovasjonskraft i næringa. Vi tilrår difor at Fylkeskommunen går inn for å støtte denne etablering med dei etterhald som de vurderer nødvendige å sette med omsyn til økonomi, organisering og realisering. Truleg vil økonomisk støtte frå Fylkeskommunen vere heilt avgjerande for realiseringa av eit felles pakkeri i Sogn og Fjordane. Ei støtte til eit fellespakkeri vil styrke næringslivet i regionen og bidra til å skape varige verdiar for framtida.*

Heile uttalen finn de i vedlegg.

#### Innovasjon Norge

Lærdal Grønt har signalisert at dei vil søkje Innovasjon Norge om støtte, men dette vil først bli gjort over sommaren. Innovasjon Norge brukar Lærdal Grønt som case – ei suksesshistorie innanfor landbrukssektoren. Innovasjon Norge er såleis i utgangspunktet positiv til selskapet og prosjektet. Dei er opptatt av at prosjektet er bedriftsøkonomisk lønnsamt, og at selskapet har økonomisk gjennomføringsevne. Lånekapasiteten i selskapet er avgrensa, og tilskot er såleis avgjerande for ei slik satsing. Ei konkret vurdering av søknaden vert først gjort når dei har motteke den. Men det vil vere avgjerande at prosjektet blir eit fellesmottak for heile regionen. Innovasjon Norge vurderer det som utløysande for prosjektet at det får offentlege tilskot.

#### Uttale frå Sogn og Fjordane Bondelag

Sogn og Fjordane Bondelag skriv mellom anna dette i sin uttale:

*Skal Sogn og Fjordane kunne utvikle seg vidare med større aukande volum innan grøntsektoren må teknologien på pakkeria fornyast og volum må aukast for å kunne halde tritt med krava til endringar frå marknaden.*

*Sogn og Fjordane Bondelag ser difor svært positivt på arbeidet med å få til eit moderne pakkerianlegg med stor kapasitet i Lærdal. Det vil vere viktig at eit nytt pakkeri kan vere ein motor som kan styrke og utvikle grøtnæringa i heile fylket. Det er difor viktig med eit tett samarbeid med næringa i Nordfjord, og i resten av Sogn.*

*Skal ein lukkast med å få til eit nytt pakkeri trengst det frisk kapital både frå private aktørar og det offentlege. Det er eit håp frå vår side at det offentlege ser nytten av å medverke til ei investering som vil styrke ei svært framtidsretta næring. Marknaden for frukt, bær og grønsaker er i sterk vekst og det er eit mål å auke den vesentleg dei komande ti åra. Skal Sogn og Fjordane kunne ta del i denne veksten må vi sikre oss at vi har eit pakkeri med storleik, teknologi og økonomiske musklar som er attraktivt for marknaden.*

#### Uttale frå Gartnerhallen

Gartnerhallen er eit samverkeføretak for norske produsentar av grønsaker, frukt, bær og poteter. Gartnerhallen har om lag 1200 frukt- og grøntprodusentar over heile landet som eigrarar, og omset i overkant av 60% av all norskprodusert frukt og grønt. I Sogn og Fjordane fylke er langt dei fleste frukt- og bærprodusentane medlemmar i Gartnerhallen. Gartnerhallens sin største kunde er BAMA, som distribuerer produkta til to av dei tre daglegvareaktørene i Norge: NorgesGruppen og REMA.

Gartnerhallen har sendt ei uttale til søkeren, der skriv dei mellom anna:

*Gartnerhallen ser svært positivt på den offensive satsingen som nå skjer i frukt- og grøtnæringa i Sogn- og Fjordane. Norske forbrukere etterspør stadig mer frukt og grønt, og vi forventer vekst i etterspørselen framover. Det er viktig at den økte etterspørselen i størst mulig grad dekkes av norsk produksjon. Norsk frukt- og grøtnæring er en markedsekspionert del av norsk landbruk, utsatt for sterke importkonkurranse. Derfor må både produksjonen på primærleddet, og pakkeri- og lagerstruktur, være mest mulig effektiv for å sikre at norske produkter er konkurransedyktige i markedet.*

*Frukt- og bærproduksjon hos mange, forholdsvis små produsenter forutsetter effektivt samarbeid om lagring, pakking og markedsføring for å lykkes. Et fellespakkeri i Lærdal, slik det er beskrevet i søknaden, er et positivt prosjekt for å sikre høyest mulig kvalitet, leveringsdyktighet og fleksibilitet tilpasset markedets behov. Som det er beskrevet i søknaden, vil prosjektet også gi mulighet til samarbeid på flere områder som produktutvikling, utvikling av ny teknologi, kompetansedeling, utvikling av produsentmiljø mm.*

*Gartnerhallen håper derfor at Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på prosjektet, og tildeler Lærdal Grønt det omsøkte beløp.*

## **4. Frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane – struktur og utfordringar**

### Frukt og bærnæringa

Sogn og Fjordane har gjennom systematisk utviklingsarbeid og ei rekke satsingar dei siste 10-15 åra utvikla seg til å bli største region i landet innanfor frukt- og bærproduksjon. I nedslagsfeltet til dei tre samarbeidspartane finn vi landets største produksjon av morelle (Lærdal), bringebær (Stryn og Vik), plommer og pærer (Leikanger og Sogndal).

Næringa i Sogn og Fjordane omfattar no mellom 200-300 aktive produsentar/bruk. Produksjonane varierer frå store til mindre bruk, og føregår ofte i kombinasjon med andre landbruksproduksjonar.

Saman med Hordaland blir vi ein enno meir markant region for frukt og bær. 37% av den nasjonale produksjonen av frukt og bær kom frå nye Vestland fylke i 2017. Vår del var 50% av epla, 58% av plommene, 61 % av morellane og 65% av bringebæra. For pærer stod vi for 97%, men dette er ein svært liten produksjon. Totalt produserte Vestland 9 000 tonn frukt og bær i 2017. Hordaland er i særklasse størst på eple og plommer, medan Sogn og Fjordane er størst på jordbær og bringebær. I Hordaland er produksjonen lokalisert til Hardanger, medan Sogn og Fjordane har sin produksjon i Sogn og i Nordfjord.

NIBO kom i rapport 4/2018 med oppdaterte verdiskapingsberekingar for Hordaland og Sogn og Fjordane. Verdiskapinga frå frukt og bær (bruttoprodukt) er berekna til 78 mill. kr. i 2016, ein auke på 5% frå 2013. Til samanlikning er verdiskapinga i Hordaland berekna til 96,5 mill. kr. I Sogn og Fjordane er produksjonen fordelt på fleire kommunar. Av det totale frukt- og bærarealet i fylket på 5118 dekar, var 2302 dekar bær. Arbeidsinnsatsen er berekna til 223 årsverk i Hordaland og 189 årsverk i Sogn og Fjordane. Medan det nesten ikkje er bærproduksjon igjen i Hordaland, har det blitt satsa stor på bær i Sogn og Fjordane..

Det vert dyrka relativt lite grønsaker, potet, og korn på Vestlandet i dag. Verdiskapinga frå desse produksjonane er berekna til 1,7 mill. kr. i Hordaland og 17 mill. kr. i Sogn og Fjordane. Det er i hovudsak i Lærdal det vert produsert poteter og grønsaker, og 88 % av verdiskapinga (15 mill. kr.), kjem frå Lærdal.

I tillegg kjem sysselsetting og verdiskaping i industri, tilleggsnæringer og påverknad på verdiskaping i andre næringar.

Forbruk av frukt og bær er framleis i stor vekst, og alle trendar tyder på at dette kjem til å halde fram. 2018 var eit rekordår for norsk frukt. Dei neste 5 åra er det venta auke i alle fruktslaga, og produksjonen av til dømes konsumeple er venta å stige med 50% (Fruktlagerinspektøren, 2019). Mykje av veksten blir no dekka av import.

### Strukturar og krav til omlegging

Vestlandet har mange og små bruk og har alltid vore organisert gjennom felles pakkeri. På Austlandet er det i mykje større grad einskilde store gardsbruk som pakkar og leverer sjølve. Pakkeria på Vestlandet har utvikla seg ut frå behov for samarbeid, og felles infrastruktur. Pakkeria har også vore naudsynte miljøbyggjarar, og har mellom anna fungert som kompetanseutviklar, samordnar for felles satsingar, produktutvikling og profilering.

Næringa i Sogn og Fjordane har hatt suksess dei siste 10-15 åra, men det er no press på næringa for omstilling og meir samarbeid. Det er stor utbygging på det sentrale Austlandet som vil kunne gje store forandringar i produksjonsområde i Norge, og i marknadsbalansen mellom regionane. Det kan også føre til overproduksjon dersom utviklinga ikkje blir tilstrekkeleg samordna og styrt.

Store produksjonseiningar nær dei store byane, og auka krav frå marknaden set krav om svært fleksible pakkeri med effektive sorterings- og pakkeløysingar. Dagens pakkeri i Sogn og Fjordane er for små og for lite tilpassa aukande krav i marknaden om raske og fleksible omstillingar mellom ulike typar emballasje, pakkingar og mellom dei ulike produksjonane. Til dømes på pakkeria kunne pakke og levere plomme, eple og pære samstundes – og det går ikkje i dag. I verste fall risikerer ein å ikkje få levere frå seg frukta og bæra.

## **5. Om søknaden**

### Bakgrunn

Krav frå marknaden gjer at det må gjerast større investeringar for å henge med i konkurransen framover. I tillegg har alle miljøa bak søknaden konkrete planar om vesentleg vekst. Veksten kjem dels av frukttre som allereie er planta eller i bestilling. Samanliknar ein venta vekst med kapasiteten ved pakkeria, viser det at pakkeria treng vesentlege investeringar for å handtere veksten framover, særleg når de gjeld å kunne få ut ferdig pakka varer i takt med behovet. For alle produksjonar når dagens pakkeri taket, og må utvide.

Behovet for auka samarbeid og moglege samanslåingar av fellesfunksjonar har vakse fram gjennom fleire år. Pakkeria har fått stadig tydelegare behov for investeringar, og det er stadig større krav til utviklingstiltak og marknadstilpassing.

### Forprosjekt

Det har vore ei rekkje møte mellom aktørane dei siste åra, og to prosjekt har blitt gjennomført. I 2015-2016 blei det gjennomført eit prosjekt om felles mottaksstruktur for fryseri av bær. I desember 2018 tildelte fylkesmannen midlar til eit prosjekt for utgreiing av samarbeid/samanslåing mellom Innvik Fruktlager, Lærdal Grønt og Sognefrukt. Prosjektet har munna ut i denne søknaden.

Det er også sett i gang arbeid på nasjonalt plan gjennom Gartnerhallen, og delvis Bama. Signal frå nasjonalt nivå er at pakkeria er for små og ineffektive, og at dei må utvikle større einingar som kan bli meir effektive og fleksible for å møte auka etterspørsel etter frukt, bær og grønt i marknaden. Dei regionale prosessane er i tråd med nasjonale signal og Sogn og Fjordane vil kunne bli dei første med tilpassa fellesfunksjonar for å møte det auka potensialet innan frukt, bær og grønt.

### Mål

#### Hovudmål:

Sikre produsentøkonomien og kostnadskontroll for over 200 gardsbruk i Sogn og Fjordane

#### Delmål:

- Etablere effektiv og fleksibel felles infrastruktur
- Utvikle robuste felles pakkeriorganisasjonar
- Auka kapasitet til produktutvikling
- Auka kapasitet til synlegheit, kundekontakt og balansering av makt i verdikjeda
- Sikre kompetanse på tvers av kulturar
- Sikre ny rekruttering til næringa gjennom kostnadseffektiv og framtidsretta organisering
- Redusere matsvinn gjennom samarbeid og ny produktutvikling for utsortert vare

### Behov for auka kapasitet til felles produktutvikling, merkevarebygging og utvikling av fellesmiljø i næringa

I tillegg til auka behov for endringar knytt til pakkeritenester, særleg med tanke på meir effektive og fleksible pakkeri som kan levere i tråd med marknadsbehova framover, så seier søker at det parallelt er trøng for ei rekkje utviklingsaktivitetar. Desse er fundamentale både for å sikre dagens produksjon, og mogleggjere vidare vekst. Det vert særleg peika på:

- Produktutvikling og betre utnytting av konkurransefortrinn
- Betre utnytting av digitalisering
- Utarbeiding av pakkeria som verksemد
- Utvikling av produsentmiljøa

- Meir utnytting av usorterte varer

Søkjar seier at med ein felles pakkeriinfrastruktur, og ein samordna organisasjon vil desse behova handterast med ei vesentleg større kraft enn i dag. Ein større organisasjon med betre arbeidsdeling vil få vesentleg betre kapasitet til å arbeide med utviklingstiltak.

Eit viktig aspekt ved lokalisering ved det traffikerte vegkrysset på Håbakken er potensialet for å profilere lokale og regionale produkt direkte til viktige kundegrupper. Planen er å etablere eit profilings- og informasjonsenter knytt til pakkeriet der målet er å profilere og tilby produkt av høg kvalitet frå heile regionen. Målet er at alle samarbeidspartane skal kunne selje meir av sine produkter, og til ein god pris.

#### Plan for ny felles infrastruktur

Lærdal Grønt har sidan 2014 arbeidd med planar for nybygg på Håbakken i Lærdal. Håbakken er vegkrysset mellom E16 og Rv5, og Lærdal Grønt har opsjon på 18 daa tomt. Det har no blitt aktuelt å bygge eit større felles pakkeri for deler av fylket. Sognefrukt og Lærdal Grønt har inngått ein intensjonsavtale om samanslåing og bygging av felles infrastruktur. Innvik Fruktlaget er interessert i eit nært samarbeid, men har enno ikkje konkludert i høve felles anlegg. Andre miljø i fylket blir invitert til samarbeid. Målet er at alle skal bli sterkare gjennom samarbeid.



**Fig. 5.2:** Ny felles infrastruktur i Håbakken teikna som eit vestlandsk klyngetun der bygningane til venstre i front er nærmast E16 og vil vera profilingsstad for lokale produkt frå Sogn og Fjordane, og «driftsbygningen» i bakgrunnen er regionalt pakkeri. Totalt bygningsareal omlag 5.000 m<sup>2</sup>. (Teikning: Arkitektkontoret 4B.)

#### Kostnadskalkyler og finansieringsplan

#### **Totalbudsjett felles infrastruktur**

|                        |    |            |
|------------------------|----|------------|
| Tomt 18 daa            | kr | 4 000 000  |
| Flyttekostnader        | kr | 1 000 000  |
| <u>Bygg med kjølar</u> | kr | 70 000 000 |
| Totalt                 | kr | 75 000 000 |

## Finansieringsplan

|   |    |                   |
|---|----|-------------------|
| Aksjekapital Lærdal Grønt og Sognefrukt | kr | 7 000 000         |
| Lånebehov                               | kr | 30 000 000        |
| <br>                                    |    |                   |
| Aksjekapital Lærdal kommune             | kr | 2 500 000         |
| Andre kommunar i regionen               | kr | 3 000 000         |
| Tilskot IN (10%)                        | kr | 7 500 000         |
| <u>Sogn og Fj fylkeskommune</u>         | kr | <u>25 000 000</u> |
| Sum                                     | kr | 75 000 000        |

Infrastrukturen blir organisert gjennom eit eige eigedomsselskap. Det kan vere aktuelt å ha nokre andre bygg/utstyr andre stader i fylket.

## 6. Vurdering

### Vurdering av prosjektet

Strukturelle endringar i næringa er heilt naudsynte, elles vil næringa tape marknadsdelar mot andre delar av landet, og særleg Austlandet. Det er også trøng for investeringane uavhengig av dette for å kunne ta unna planlagt auke i produksjon. Pakkeria er i dag svært sårbar på bemanningssida.

Med ein felles pakkeriinfrastruktur og ein samordna organisasjon vil desse behova handterast med ei mykje større kraft. Ein større organisasjon vil også ha vesentleg betre kapasitet til å arbeide med utviklingstiltak. Verdiskapinga per arealeinig er høg, og det er først og fremst knytt til mottaksstruktur, omsetnadsleddet og utviklingsarbeid at konkurransenutfordringane med andre deler av landet slår inn.

Frukt, bær og grønt er ei viktig næring i fylket. Produksjonane skjer ofte i kombinasjon med andre landbruksproduksjonar, og er også viktig for andre deler av landbruket. Forbruket av frukt, bær og grønt er i stor vekst, og alt tyder på at dette vil halde fram. Det vil vere viktig for næringa i fylket å kunne ta marknadsdelar i denne veksten. Dette vil vere viktig direkte for utviklinga til gardsbruka i fylket som driv med frukt, bær og grønt, men ei positiv utvikling i hagebruksnæringa er også positivt for andre næringsgreiner som til dømes reiselivet, og for utvikling av tilleggsnæringar og vidareforedling av produkta. Sogn og Fjordane kan gripe moglegheten til å vere først ute med å tilpasse fellesfunksjonar til potensialet innan næringa. Det må gjerast grep for å henge med i utviklinga, og då gjeld det å vere i førekant.

Grossistleddet og kjedene har mykje makt. Ved å bli større einingar, er det større potensiale for å balansere dette maktforholdet, og mellom anna profilere eigne merkevarer. Dei store kjedane har så langt ikkje vore villige til å sleppe til lokalprodusert frukt under eigne merker. Det er berre Lærdal Grønt som har klart dette i eit visst omfang. Med større volum og høgare del av produksjonen er det grunn til å tru at ein kan lukkast betre med å skape ei eiga merkevare for fylket, noko som sjølv sagt både vil vere positivt for frukt, bær og grøtnæringa men også for reiselivet og andre aktørar.

Det er naturleg at det er dei største aktørane som står bak prosjektet, så må gjerne fleire kome til i etterkant. Lærdal Grønt har fått nasjonal merksemrd for innovasjonsevne, vekst og merkevarebygging, og det er naturleg at dei er ein leiande aktør i dette arbeidet. Vi har stor tru på at dersom ein ved å endre strukturen og skaffe seg betre kapasitet, så vil det bli jobba godt med utviklingsarbeid som kjem næringa til gode. Ein føresetnad for fylkeskommunen for å gå inn i eit slikt prosjekt bør vere at det blir ei fylkesdekkande satsing.

Lokaliseringa på Håbakken er god, Håbakken ligg ved E16, hovudfartsåra mellom dei store marknadane Bergen og Oslo. Det blir enklare å samarbeide med pakkeria i Hardanger, og det er også stort potensiale for stopp frå dei som reiser forbi. Det er veldig positivt at det er tenkt vidare enn rein pakkeri, og også lagt vekt på å vere utadretta og profilere og selje produkta. Dette styrker satsinga då det vil ha effekt langt utover sjølve frukt, bær og grøtnæringa.

Vi har fått to store søknader innan frukt og grøtnæringa denne våren. Prosjekta er ikkje konkurrerande, men vil supplere kvarandre og saman bidra til at Sogn og Fjordane og Vestland held på, og styrker sin posisjon som leiande innan frukt og bær.

Prosjektet får svært positive vurderingar frå Fylkesmannen i Vestland, Sogn og Fjordane Bondelag og Gartnerhallen.

Prosjektet er i ein tidleg fase med tanke på formelle avtalar mellom partane, detaljar i kostnader og finansiering med vidare. Det er lite spesifisert kor stor del av prosjektet (bygga) som vert prioritert no. Det er såleis vanskeleg å vurdere alle aspekt i søknaden. Det er også knytt noko usikkerheit til om Innvik frukt lager blir med, og vi veit ikkje korleis denne strukturprosessen vil påverke dei prisane bøndene får, og detaljar i avtale mellom partane.

Ei god utvikling av Håbakken Næringspark er avgjerande for om omstillingssarbeidet i Lærdal vil bli vurdert som vellukka. Lærdal Grønt er ein svært sentral aktør her. Ei etablering av eit felles pakkeri på Håbakken vil vere avgjerande for næringsparken. Dersom ein også får til ei grøn næringsklynge/hub, med utsal kan det få positive effektart for andre aktørar og for reiselivet.

#### Regelverk og rammer for finansiering

Den juridiske vurderinga som Lærdal kommune har fått gjort, konkluderer med at handel med frukt og grønsaker som i Lærdal Grønt si sak vil falle utanom EØS-avtalen.

Vi vurderer det slik at mest truleg vil i alle fall store deler av dette prosjektet vere unntaket statsstøtteregeverket grunna landbruksunnataket. Men det kan finnast grensegangar, som er vanskeleg å vurdere før ein ser meir detaljar i prosjektet, mellom anna knytt til kostnader. I prosjektet ligg det mellom anna inne eit bygg som skal vere profileringstad for lokale produkt frå Sogn og Fjordane. Vi har ikkje gått inn i detaljane no, men eit utsal som sel bearbeidde produkt vil ikkje kome inn under unnataket. Det må difor differensierast mellom kostnadane når ein vurderer eit tilskot.

Tidlegare har sektoren vore med å støtte bygg, og har prioritert mjuk infrastruktur. Vi ville ikkje tilrådd å støtte denne søknaden om det hadde vore eit industribygg for ei vanleg verksemd. Dette prosjektet meiner vi er viktig for å støtte opp under norsk matproduksjon, og ei viktig næring i fylket. Prosjektet vil ha direkte effekt på mange bønder, og positiv verknad også for andre aktørar.

#### Oppsummerande vurdering

Eit nytt felles pakkeri på Håbakken er eit prosjekt i tråd med regionale og nasjonale behov. Prosjektet kan styrke verdiskapinga, og den nasjonale posisjonen til hagebruksnæringa i Sogn og Fjordane og i nye Vestland fylke.

Alle avtalar og detaljar i prosjektet er ikkje klart. Dette er naturleg då finansieringa framleis er uavklart. Truleg vil eit tilskot frå fylkeskommunen vere avgjerande for om prosjektet blir realisert. Samla finansiering frå andre enn produsentane sjølve vil sjølvsgart også vere avgjerande for dei kostnadane produsentane sjølve må ta, og dei vurderingane dei vil gjere om det vil vere lønsamt for dei på kort og lang sikt.

Vi hadde gjerne sett at det hadde vore mogleg å løyse ut eit tilskot til dette prosjektet med tanke på at dette kan vere eit heilt avgjerande prosjekt for korleis utviklinga av næringa i Sogn og Fjordane vil bli framover. Når det gjeld formalitetar som statsstøtteregelelk og andre omsyn meiner vi det vil vere mogleg å gje eit tilskot, men det måtte vurderast nøyare etter at mellom anna kostnadsplanen er oppdatert. Det ville også vere avgjerande at aktørane faktisk forpliktar seg slik som tenkt, og at det vil bli eit stort felles fylkesløft.

Vi ser ikkje at dette er eit prosjekt det er mogleg å løfte innan sektoren. Hovudutvalet har også i sak 31/19 meldt inn prosjektet saman med Njøs Næringsutvikling sitt prosjekt til handsaming i tertial. Søknaden er omtala i vedlegg til tertial 1/19.

Dersom søknaden ikkje vert prioritert politisk i tertial 1/19 vil vi løfte saka vidare inn mot budsjettframlegget for 2020 for Vestland fylkeskommune, der det kjem ei administrativ tilråding på seinsommaren 2019. Slik det har vore til no har sektoren ikkje hatt store nok midlar til å løfte slike prosjekt, og vi kan ikkje vente oss ei auke i disponibele midlar når vi startar budsjettarbeidet for Vestland, og det følgjeleg vil bli vanskeleg å løfte prosjektet innanfor sektoren også i budsjettsamanhang.

## **7. Oppsummering og konklusjon**

Prosjektet *Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærnæringa i Sogn og Fjordane* er eit viktig prosjekt, som potensielt kan vere avgjerande for frukt, bær og grøtnæringa i Sogn og Fjordane.

Strukturelle endringar i næringa er heilt naudsynte, elles vil næringa tape marknadsdelar mot andre delar av landet, og særleg Austlandet. Det er også trond for investeringar uavhengig av konkurransesituasjonen for å kunne ta unna venta auke i produksjon. Pakkeria er for små til å ta unna den planlagde veksten, og er i dag svært sårbare mellom anna på bemanningssida.

Norske forbrukarar etterspør stadig meir frukt og grønt, og det er venta framleis vekst i etterspørselen. Det er viktig at den auka etterspørselen i størst mogleg grad vert dekka av norsk produksjon, og svært gjerne produksjon frå Sogn og Fjordane, og Vestland.

Vedlegg som ikkje ligg ved:

Søknad om støtte til prosjektet Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærnæringa i Sogn og Fjordane, datert 11. april 2019

Fylkesmannen si tilråding til søknad om etablering av nytt fellespakkeri for frukt og grønt i Lærdal, datert 10. mai 2019

Uttale frå Sogn og Fjordane Bondelag, datert 26. april 2019

Uttale frå Gartnerhallen SA, datert 8. mai 2019:

Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane 2014-2025 – [www.verdiskapingaplanen.no](http://www.verdiskapingaplanen.no)

Regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland 2019-2022